

## Vaffelkafè på Fjellandsbø på Langfredag.

24.03.2016



I dette huset på Fjellandsbø vert det kafe på langfredag.

**Vermeldingane utpå dagen i morgon, langfredag, er gode. Kva passar vel betre då enn å leggja turen til Fjellandsbøvatnet, Fjellandsbø og Leiteshaugane? På Fjellandsbø vil Sivert og Karoline E. Myklebust gjera dagen ekstra koseleg for turfolket. Dei inviterer nemleg til kafè med salg av vafler, saft og kaffi.**



[Vertane har laga ein fin og informativ plakat.](#)

Dei fortel at dei opnar kafèen i Fjellandsbøhuset kl.12 og har opne til kl.15. Dei håpar mange nyttar seg av tilbodet, og det fortener dei verkeleg for det er eit kjempekoseleg tiltak dei to steller i stand. Turen i dette flotte området vert ekstra fin med eit slikt tilbod.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Plakat og foto: Sivert og Karoline E. Myklebust.